



Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Bremanger kommune – godkjenning av budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Bremanger kommunestyre har i møtet 19.12.2019, sak 73/19, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023 er godkjent.**
- **Låneramme på 15 millionar kroner er godkjent.**

**Kommunestyret har vedteke eit budsjett og ein økonomiplan i balanse. Men med grunnlag i dei seinare års rekneskap, går drifta til kommunen med eit meirforbruk. Hovudutfordringa for Bremanger kommune er difor etter Fylkesmannen sitt syn, å skaffe balanse i drifta. Kommunestyret må difor prioritere og vedta tiltak som gjev balanse i drifta, og som skaffar kommunen eit handlingsrom. Dette må til for å byggje opp ein bufferkapital gjennom avsetjingar til frie fond, slik som kommunen planlegg. Arbeidet som er i gang med handlingsreglar/finansielle måltal og kommunestyrets fastsetjing av desse, blir eit viktig grunnlag for å skaffe eit handlingsrom og ein berekraftig økonomi for Bremanger kommune.**

**Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Fylkesmannen vil følgje dette særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.**

### Driftsbudsjettet 2020

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 11,3 mill. kroner, som utgjer 2,6 prosent av driftsinntektene. Av driftsresultatet er det budsjettert med 7,7 mill. kroner til dekning av tidlegare års underskot og 2,1 mill. kroner til avsetjing disposisjonsfond. Overføring til kapitalbudsjettet er på 1,3 mill. kroner, som gjeld finansiering av eigenkapitalinnskott til KLP.

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og formue og rammetilskot lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2020 og prognoser for utvikling av folketalet i kommunen. Sum skatt og ramme er budsjettert med 265,7 mill., medan prognosen i statsbudsjettet var 267,7 mill.



kroner. Folketalsutviklinga i kommunen samanlikna med gjennomsnittleg vekst for landet, har ein klar samanheng med utviklinga av kommunens frie inntekter. Etter folketal per 01.01.2020, fekk kommunen i 2019 reduksjon på 79 personar. I prosent utgjorde reduksjonen – 2,1 prosent, medan gjennomsnittleg vekst for landet var 0,7 prosent. Siste prognosemodell til KS tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2020 og folketal per 01.01.2020 for skatt og inntektsutjamninga. Ut frå dette er prognosen at Bremanger kommune i 2020 får 264,4 mill. kroner i skatt og rammetilskot, som er 1,3 mill. kroner lågare enn budsjettet.

Inntektene for eigedomsskatt er budsjetterte til 44,6 mill. kroner, som er ein reduksjon på 0,8 mill. kroner samanlikna med 2019. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er og forventa å bli lågare, frå 17,6 mill. i 2019 til budsjettet 13,8 mill. kroner i 2020. Utbetalingar frå Havbruksfondet er budsjettet til 5 mill. kroner. Samanlikna med 2018 var utbetalinga 17,4 mill. og 6,7 mill. kroner i 2019.

Utbytte frå eigarskap i selskap er budsjettet med 2,1 mill. kroner, i hovudsak frå Bremanger Eigedom AS og SFE-holding AS. Avdrag er budsjettet etter reglane i ny kommunelov med 13,2 mill. kroner, som betyr ein auke samanlikna med minimumsavdraget etter tidlegare reglar.

Derivatavtalane (renteutbytteavtale og rentebytteavtale) kommunen har med Danske bank vart gjort effektive frå 2016 og varer fram til 2036. Årleg netto effekt av avtalane er 7 mill. kroner i utgift for kommunen. Gjelda som kommunen har til Danske Bank blir årleg redusert tilsvarande netto kontantstraum av rentebytteavtalane, budsjettet til 7 mill. kroner. Nettoverdien av avtalane blir verdivurdert ved kvart årsskifte. Dersom rentenivået endrar seg, vil dette medføre både reell utgiftsauke (ved rentenedgang) eller inntektsføring (ved renteoppgang). Dette betyr at rentebytteavtalane framleis gjev finansiell risiko. Det er ikkje budsjettet med finansiell «gevinst eller tap» knytte til avtalane, slik at kommunen budsjetterer ein netto sum lik 0.

Samanlikna med revidert budsjett for 2019 er netto ramme for administrasjon og tenesteområda nominelt redusert med 9,7 mill. kroner, til 313 mill. kroner. Av dette er 3 mill. i reduksjon for helse- og omsorg og tilsvarande for sektoren samfunn- og utvikling.

#### Tidlegare års meirforbruk

Kommunen har tidlegare dekt inn dei store tapa på til saman 230 mill. kroner etter Terra-saka frå 2007 og 2008. Etter førebels rekneskap per 31.12.2019 har kommunen eit akkumulert underskot på 9,3 mill. kroner, som gjeld eit underskot frå 2014 på 25 mill. kroner knytt til tap på derivatavtalar. Dette underskotet skal vere dekt innan 2021.

I 2019 budsjetterte kommunen med ei inndecking på 14,2 mill. kroner, medan førebels rekneskap viser ei inndecking på 12,5 mill. kroner. I 2020 har kommunen budsjettet med ei inndecking på 7,6 mill. kroner, som var det forventa akkumulerte underskotet etter 2019. Men med ei lågare inndecking i 2019 samanlikna med budsjett, manglar det 1,7 mill. i 2020-budsjettet for full inndecking.

#### **Fylkesmannen sin kommentar**

*Hovudutfordringa for Bremanger kommune er etter Fylkesmannen sitt syn å skaffa balanse i drifta. Dette blir òg påpeika av rådmannen, at kommunen sitt driftsnivå er for høgt samanlikna med pårekelege inntekter framover. Drifta har for dei seinare åra gått i ubalanse, med 17 mill. i 2017, 9 mill. i 2018 og 10 mill. kroner etter førebels rekneskap 2019. Det siste etter at inntektsført premieavvik vart 6,3 mill. kroner meir enn budsjettet og kommunen har inntektsført meirinntekter på over 20 mill. kroner samanlikna med opphavleg budsjett. Dette inneber ein risiko i at dersom ubalansen i drifta blir ført vidare i 2020, så klarer*



ikkje kommunen å dekkje inn resten av underskotet slik som planlagt i 2020. Konsekvensen vil då bli at Bremanger er Robek-kommune også etter 2020.

I disponering av netto driftsresultat er det i tillegg til dekning av tidlegare års underskot budsjettert avsett 2,1 mill. kroner til disposisjonsfond. Men dersom balanserekneskapen viser eit meirforbruk frå tidlegare år, etter at reglar for avslutning av årsrekneskapen er følgde og etter det er midlar på disposisjonsfond, skal meirforbruket dekkast inn/reduserast ved bruk av midlar frå disposisjonsfond. Fylkesmannen meiner at kommunen må vurdere ei budsjettendring alt i 1. tertial, ved å omdisponere avsetjing til disposisjonsfond til inndekning av tidlegare års underskot per 31.12.2019.

### **Investeringsbudsjettet 2020**

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmidlar for til saman 19,9 mill. kroner. Dette skal finansierast med 13 mill. i nye låneopptak, ubundne investeringsfond 3,2 mill., kompensasjon meirverdiavgift 3,5 mill. kroner og overføring frå drift kr 150 000. Av låneopptak utgjer lån til VA-anlegg 2,5 mill. kroner.

I tillegg er det budsjettert med 2 mill. kroner i tilskot til Kyrkja, som dei skal nytte til rehabilitering av kyrkjer. Nærare omtalt i budsjettokumentet gjeld dette *universell utforming av kyrkjebygg, brannsikring, opparbeiding parkeringsareal, nytt klokketårn i Ålfoten mv.* Tilskotet skal finansierast med lån.

Ved siste årsskifte hadde kommunen ei lånegjeld på 366 mill. kroner, som utgjorde 75 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnitt for landet var 102,6 prosent, og samanliknande kommunar i Kostra ligg på 89 prosent.

Som Robek-kommune etter kommunelova § 28-1 skal departementet etter § 28-3 godkjenne opptak av lån. Departementet har delegert dette myndet til fylkesmannen.

### **Fylkesmannen sin kommentar**

*Det er budsjettert med bruk av ubundne investeringsfond på 3,3 mill. kroner til finansiering av investeringane rehabilitering kommunale bygg og bustadfelt Bremanger kommune. Førebels rekneskap for 2019 viser at kommunen har balanseført kr 42 558 i ubundne investeringsfond. Det er ikkje budsjettert med avsetjing til slike fond i 2020. Etter nærare informasjon frå kommunen er det planlagt sal av fast eigedom i 2020 med til saman for 14,2 mill. kroner. Salsinntekta skal avsetjast til ubundne fond og bidra til finansiering av nemnde investeringar. Fylkesmannen meiner at dei nemnde investeringane først kan gjennomførast når det er dekning ved bruk av ubundne investeringsfond.*

*Av låneramma gjeld 2 mill. kroner tilskot til Kyrkja, som dei skal nytte til rehabilitering av kyrkjer. Etter kommunelova § 14-14 kan kommunar ta opp lån til formål som har heimel i anna lov, dersom tiltaket har heimel i ei løyving i investeringsbudsjettet. Etter lov om Den norske kyrkje, kan kommunen ta opp lån for å finansiere tilskot til bygging av kyrkjer og anlegg av gravplassar, men ikkje til drift av slike. Kommunen må derfor avklare at det budsjetterte tilskotet på 2 mill. kroner berre skal nyttast til investeringsformål.*

### **Økonomiplan 2020 – 2023**

Samanlikna med 2020-budsjettet er det ikkje gjort større endringar i drifta for perioden 2021 – 2023. Netto driftsresultat er budsjettert mellom 1,8 til 2,4 prosent. Det betyr at det er lagt inn avsetjingar til disposisjonsfond på til saman 22 mill. kroner.

Budsjettering av inntekt for skatt og formue og rammetilskot er etter prognosar for utvikling av folketalet i kommunen redusert ut over i perioden samanlikna med prognosemodellen til KS. Etter at



inntekta frå eigedomsskatt er budsjettert lågare i 2020 og 2021, er ho auka att i slutten av perioden til same nivå som i 2019. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er årleg lagt inn med 14,3 mill. kroner frå 2021, ein mindre auke samanlikna med 2020. Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert med 5 mill. kroner kvart år i perioden.

Det er budsjettert med ein mindre reduksjon i ramma for netto drift for administrasjon og tenestemråda, frå 313,3 mill. kroner i 2020 til 311,4 mill. kroner i 2023 (faste prisar).

I heile økonomiplanperioden 2020 – 2023 er det planlagt investeringar i anleggsmidlar for 44,1 mill. og tilskot til rehabilitering av kyrkjer med 8 mill. kroner. Av dette er det budsjettert 31,5 mill. kroner finansiert med nye lån. Avdrag er budsjettert med 55,1 mill. kroner, slik at lånegjelda ikkje vil auke samanlikna med (i prosent av) driftsinntektene.

### **Fylkesmannen sin kommentar**

*Bremanger kommune har økonomiplan og handlingsplan i eitt og same dokument. Økonomiplanen skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel skal prioriterast og følgjast opp innanfor forventta inntektsrammer dei neste fire åra. Den skal såleis vise utviklinga i kommunens økonomi og utvikling i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar.*

*Som omtalt i våre kommentarar til årsbudsjettet, er vi uroa for at Bremanger ikkje har balanse i drifta. Dette kan få langsiktige negative konsekvensar for utvikling av kommunen, som organisasjon og samfunn. Kommunestyret må difor prioritere og vedta tiltak som gjev balanse i drifta, og som skaffar kommunen eit handlingsrom. Dette må til for å byggje opp ein bufferkapital gjennom avsetjingar til frie fond, slik som kommunen budsjetterer med. Krava i kommunelova om realisme må leggjast til grunn i val og budsjettering av slike tiltak, og for inntekter følgje eit prinsipp om forsiktighet, særleg der eksterne tilhøve kan påverke storleiken av inntektene. Arbeidet som er i gang med handlingsreglar/finansielle måltal og kommunestyrets fastsetjing av desse, blir eit viktig grunnlag for å skaffe eit handlingsrom og ein berekraftig økonomi for Bremanger kommune.*

### **Vedtak:**

***Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Bremanger kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2020 – 2023 er godkjent med ei låneramme på 15 mill. kroner.***

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi: Vestland Revisjon, Hafstadvegen 42, 6800 Førde